



FJALER KOMMUNE

*-eit ope samfunn*

# Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038

## Fastsett planprogram

Vedtatt av Fjaler kommunestyre 22.05.2025





## Innhald

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>2</b>
<b>2. Rammer og føresetnader for planarbeidet .....</b>	<b>3</b>
2.1. FNs berekraftsmål.....	3
2.2. Nasjonale rammer og føringer .....	4
2.3. Regionale rammer og føringer.....	4
<b>3. Bakgrunn for planarbeidet .....</b>	<b>5</b>
3.1. Utviklingstrekk og utfordringar: .....	5
3.2. Utgreiingar av spesielle tema.....	9
3.3. Ny samfunnsdel .....	9
3.4. Arealstrategi og vurdering av behov for konsekvensutgreiing .....	9
<b>4. Satsingsområde i planarbeidet .....</b>	<b>10</b>
4.1. Gode kvardagsliv .....	10
4.2. Næringsutvikling og verdiskaping.....	11
4.3. Klima, natur og miljø .....	11
4.4. Fjaler kommune som arbeidsgjevar og tenesteytar.....	12
<b>5. Planprosessen .....</b>	<b>13</b>
5.1. Medverknad .....	13
5.2. Framdriftsplan .....	14
5.3. Politisk og administrativ organisering .....	15



## 1. Innleiing

Etter plan- og bygningslova skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel, jf. § 11-1. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

I kommunal planstrategi for Fjaler kommune, vedteken i september 2024, går det fram at kommuneplanen sin samfunnsdel skal reviderast i løpet av planperioden. Den nye samfunnsdelen vil erstatte den gjeldande samfunnsdelen som blei vedteken i 2014.

Det første steget i planprosessen er å utarbeide eit planprogram, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13. Føremålet med planprogram er å sikre ein føreseieleg og effektiv planprosess som legger til rette for god medverknad frå myndigheiter, innbyggjarar og andre interessentar. Sjølvé planen – kommuneplanen sin samfunnsdel - skal utarbeidast ut frå det fastsette planprogrammet.

Planprogrammet skal vise kva tema ein skal sjå nærmare på i planen, og korleis ein skal gjennomføre planarbeidet. Planprogrammet skal avklare:

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar og deltagarar
- opplegget for medverknad
- kva for alternativ som vil bli vurdert, tema og fokusområde
- trong for utgreiingar

Planprogrammet skal leggast ut til offentleg ettersyn. Kommunen skal innarbeide merknadene som kjem inn og kommunestyret fastset det endelege planprogrammet, jf. plan- og bygningslova § 11-13.



## 2. Rammer og føresetnader for planarbeidet

Plan- og bygningslova styrer i hovudsak planarbeidet i kommunen. I tillegg er det mange ulike sektorlover som har verknad for kommunen sitt arbeid. Forvaltninga etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen. Nokre lover er sektorovergripande og i stor grad styrande for planarbeidet og kommunen sine handlingar, t.d. folkehelselova og naturmangfaldlova.

I tillegg til gjeldande lovverk er det gjeve føringar både på internasjonalt, nasjonalt og regionalt nivå.

### 2.1. FNs berekraftsmål

Noreg har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Dei nasjonale klima- og miljømåla gjev rammer for planlegginga og er sentrale for at berekraftsmåla kan nåast. Som samfunnsutviklarar og planmynde, er fylkeskommunane og kommunane avgjerande for at vi skal lykkast med å nå måla.

I utgangspunktet er alle FNs berekraftsmål likestilte og ingen mål er viktigare enn andre. Stockholm Resilience Centre har laga ein modell, kalla bryllaupskakemodellen. Denne modellen synleggjer at nokre mål faktisk er viktigare og meir grunnleggande enn andre. Jordas sine tolegrensar gjer at berekraftsmåla som handlar om å ta vare på naturen og miljøet og å stoppe klimaendringane, blir sett først.



Figur 1. Stockholm Resilience Centre sin bryllaupskakemodell.



Mål nr. 17 er spesielt viktig – for å kunne oppnå berekraftig utvikling er ein avhengig av samarbeid mellom styresmakter, næringslivet og sivilsamfunnet.

## 2.2. Nasjonale rammer og føringer

Kommunen som planmynde må ta omsyn til ei rekke føringer, på både nasjonalt og regionalt nivå. Mål og rammer for den nasjonale politikken kjem fram i statlege planretningsliner, rikspolitiske retningsliner (RPR), stortingsmeldingar, handlingsplanar og rundskriv. Døme på nasjonale føringer som er viktige for dette planarbeidet inkluderer (lista er ikkje uttømmande):

- Meld. St. 24 (2022-2023). Fellesskap og meistring – Bu trygt heime
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planleggingen (1995)
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)

### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging:

Regjeringa skal kvart fjerde år legge fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet.

Den nyaste utgåva som gjeld frå 2023 til 2027 inneheld ei rekke forventningar innanfor følgande fem hovudperspektiv, som er:

1. Samordning og samarbeid i planlegginga
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn
3. Velferd og berekraftig verdiskaping
4. Klima, natur og miljø for framtida
5. Samfunnstryggleik og beredskap

## 2.3. Regionale rammer og føringer

Vestland fylkeskommune har utarbeidd forskjellige regionale planar og strategiar, samt ein regional planstrategi der langsiktige hovudmål for regionalt planarbeid blir lagt fram.

Den nye regionale planstrategien for Vestland fylke blei vedteken av fylkestinget i desember 2024. I utviklingsplanen blir følgande hovudmål presentert:

- Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn
- Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket
- I Vestland er klima og naturmangfold ein premiss for samfunnsutviklinga
- Vestland når sine mål gjennom samarbeid og samordning



Andre relevante regionale planar inkluderer:

- Regional transportplan 2022-2033
- Regional plan for klima 2022-2035
- Vestland fylkeskommune sitt handlingsprogram for folkehelse 2022–2025
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027

### 3. Bakgrunn for planarbeidet

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Samfunnsdelen skal ikkje vere ein altomfattande plan, men skal ta stilling til langsigtige utfordringar, mål og strategiar for komunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Samfunnsdelen legg rammer for verksemda i sektorane i kommunen, og vil vere grunnlaget for andre langsigtige og kortsiktige plandokument.

Gjeldande samfunnsdel for kommunen vart vedteken i 2014 og gjeld fram til 2025.

Planen har mange kvalitetar, men samfunnsutviklinga går raskt og det er behov for ein ny plan for å betre kunne møte utfordringane som står framfor oss komande år. Verda og regionen har endra seg mykje sidan den vart vedteken. Blant anna pregar klimaendringar og ei meir ustabil verd nyheitsbilde, og vi ser korleis demografiutviklinga skapar utfordringar for kommunedrifta. Kunnskapsgrunnlaget for kommunal planstrategi 2024-2027 med utviklingstrekk og utfordringar syner oss bakteppe vi må ha med når vi planlegg ny samfunnsdel. Kva oppgåver vi prioriterer dei komande åra må henge saman med dei utfordringane vi ser.

#### 3.1. Utviklingstrekk og utfordringar:

##### Demografi og befolkningsframskrivingar

Utviklinga av befolkninga vert sett på som ein indikator for regional utvikling. Ønsket om befolkningsvekst heng saman med fleire forhold som kommunen sitt inntektsgrunnlag og tilgang på arbeidskraft. Til liks med utviklinga i landet, får vi ein auke i tal eldre og ein nedgang i tal yngre. Det vil medføre at det er færre til å utføre velferdsoppgåver og skape verdiar som betalar for auka utgifter til folketrygda og helse- og omsorgstenester.

Offentlege utgifter aukar raskare enn offentlege inntekter, og den økonomiske berekrafta i kommunane vil verte betydeleg svekka.

For Fjaler ser vi at folketalet dei siste ti åra svingar noko frå år til år, men held seg relativt stabilt. Fødselstala varierer, med unntak av to av dei siste ti åra, har vi fødselsunderskot. Ein stadig større del av befolkninga i fylket bur i eller nær større bysenter, og netto



flyttestraumar går frå periferi til sentrum. Dette er ein langsiktig trend som skjer globalt, nasjonalt og i den einskilde kommunen.

### Folkehelse og oppvekstvilkår

Fjaler kommune leverer gode tenester innan helse og omsorg. Ser ein i folkehelseprofilen for kommunen, skårar Fjaler betre eller er lik snittet på dei fleste parametrane. Folkehelseoversikta peikar på tre trekk i samfunnsutviklinga vi også ser på som utfordringar i vår kommune. Som i resten av landet, aukar dei økonomiske skilnadane. Dei med lang utdanning og god økonomi, lever lenger og har færre helseproblem enn dei med kortare utdanning og dårligare økonomi. Auka forskjellar i helse vert peika på som den største utfordringa for folkehelsa. Dei to andre trekka som vert trekt fram er fysisk aktivitet og psykisk helse.

Fjaler har ein desentralisert skulestruktur som vert trekt fram som ein styrke. Barnehagar og skular i grondene skapar eit kvardagsliv som gjer det enklare å bu i heile kommunen. Dale vidaregåande skule er også ei viktig brikke i kvardagslivet, ungdom i bygda skapar meir aktivitet og moglegheiter.

Oppvekst skårar høgt på fleire kvalitetsparametrar og har over tid levert gode resultat, men der er òg utfordringar i høve resultat etter nasjonale prøver og utdanningsnivå blant tilsette i skule og barnehage.

Fjaler kommune er rik på fritidsaktivitetar innan idrett og kultur og har god tilgang på friluftsliv. Det er mange frivillige som bidreg til inkludering gjennom gode tilbod. Det skapar både engasjement og møteplassar for innbyggjarane våre i heile kommunen. Samtidig kan endå fleire møteplassar vere viktig for å førebygge einsemd og hindre utanforskap. Betre informasjon ut om aktivitetstilboda og meir aktivitet og liv i sentrum kan også bidra til dette.

### Innvandring og inkludering

Ein stor del av innbyggjarane i Fjaler har opphav i andre land. Ca 160 elevar på UWC frå dei ikkje nordiske landa er registrert som innbyggjarar. Desse bur i kommunen dei to åra dei går på skule her. Dette talet har vore konstant så lenge skulen har eksistert men påverkar tal frå SSB og andre statistikkar når det gjeld framskriving av folketal.

Fjaler kommune har teke imot flyktingar sidan 2015 etter ein perioden utan. Ein har teke imot 10-30 flyktingar årleg sidan dette. I dag bur det ca. 100 personar som kom hit som flyktingar. Halvparten av desse er under 18 år. Integreringstenesta og vaksenopplæringa har fokus på å integrere denne gruppa i Fjalersamfunnet og lære dei norsk og samfunnskunnskap i samarbeid med andre tenesteområde i kommunen.



## Samferdsle og infrastruktur

Fjaler kommune har ein spreidd struktur med mykje bilbruk og lite kollektivtilbod. Eit betre transport- og kollektivtilbod er særleg viktig for unge og eldre for å kunne delta på aktivitetar og mestre eigen kvardag. Vegstandard og trafikktryggleik er andre punkt som er viktig med tanke på innbyggjarane sine bevegelsesmønster. Del elbilar og ladepunkt har auka siste åra. Breibandutbygginga er god med nær 100% dekning i kommunen. Når det gjeld vedlikehald og fornying av infrastruktur for vatn og avløp er det etterslep i kommunen.

## Bustadbehov

Bustader er ei utfordring for kommunen. Det er vanskeleg å finne seg ein stad å bu og få byggeklare tomter for privatpersonar, men òg næringsliv og kommunen. Kommunen sitt behov for vedlikehald av eiga bygningsmasse og bygging av nye bustader er også stort. Vidare utgreiing av bustadbehov er naudsynt i kommunen.

## Næringsliv og sysselsetting

Fjaler har eit variert næringsliv og arbeidsmarknad. Det er godt miljø for nyetablering og godt samarbeid kring nye idear. Det skjer også ei kulturell verdiskaping i kommunen som har stor verdi for utviklinga av kommunen. Sparebankstiftinga Fjaler sitt engasjement og støtte er viktig for å tenke nyskaping og aktivitet i heile kommunen. Eit aktivt og variert næringsliv er attraktiv for jobbsøkarar. Det har vore ei positiv utvikling i tal arbeidsplassar dei siste 10 åra. Det er fleire som pendlar inn til kommunen enn det er som pendlar ut.

Å halde på tilsette og sikre rekruttering vil vere viktig framover. Ein må legge til rette for næring og landbruk, og sikre samarbeid både regionalt og i eigen kommune.

Kommuneplanen sin arealdel er nyleg vedteken og der det er sett av nye område for næringsutvikling. Næringslivet har i lengre tid etterlyst tiltak for å få meir bustadareal i Dale, samt plan for parkering, tilkomst og utviklingsmoglegheiter. Desse problemstillingane vil bli omtalt i kommunedelplan for Dale som blir revidert parallelt med samfunnsdelen.

## Klima, natur og miljø

Vi ser at eit klima i endring også påverkar Fjaler. Dei forventa klimaendringane med auka årstemperatur, meir nedbør og meir intens nedbør, samt auka fare for stormflo, skred og tørkeperiodar vil føre til konsekvensar for både natur og samfunn. Både eksisterande bygg og infrastruktur og nye prosjekt og tiltak må ta høgde for klimaendringane. Gjeldande arealdel av kommuneplanen har teke omsyn til utfordringar i høve skred, flaum, marin leire med vidare.



FN sine berekraftsmål er etter kvart godt kjende, men kan bli endå meir brukt i kommunen sitt arbeid. Miljøstasjonen i Flekke er viktig, men vi kan bli endå betre på kjeldesortering og avfallshandtering. Sjølv om Fjaler har hatt nedgang i utslepp dei siste tre åra, er det likevel stor avstand fram til dei nasjonale måla.

Det er eit stort potensiale i auka fokus på klima og miljø. Det blir viktig å sikre at klima og miljø er del av alle kommunale planverk framover. Det er behov for eit kunnskapsgrunnlag innan dette i arbeid med vidare planar.

Det er flott natur og god tilgang på friluftsliv i kommunen og ivaretaking av naturvernområde og kulturminne er viktig framover. Jordbruksarealet er på snitt med fylket, men reduksjon i landbruket vil gje utfordringar i høve produksjon og skjøtsel av kulturlandskap.

### Kommunen som tenesteytar

Fjaler kommune leverer mange gode tenester. Samtidig er det ei utfordring for dei som bur langt vekke frå tenestene; det er lange avstandar og lite kollektivtilbod for å til dømes delta på kulturskulen eller dagsenteropphold på sjukeheimen. Korleis vi kan klare å inkludere fleire av innbyggjarane våre for å hindre einsemd og utanforskning vil vere ei viktig oppgåve i tida som kjem, særleg når det blir fleire eldre som bur i utkantane av kommunen.

Det er god kompetanse blant tilsette, men utfordringar med små fagmiljø, kompetanseutvikling, høgt sjukefråvær og behalde/rekruttere tilsette.

Kommunen har i dag mange samarbeid som er viktige for å kunne gje gode og forsvarlege tenester. I endå større grad enn før er det behov for godt samarbeid og samordning med andre offentlege instansar, andre kommunar og internt samarbeid for å få til ei berekraftig samfunnsutvikling.

### Kommunen sin økonomi

Finansielle nøkkeltal viser at Fjaler kommune sin økonomi ikkje er berekraftig. Lånegjelda er høg og netto driftsresultat er negativt. For å sikre ei berekraftig utvikling må Fjaler kommune ta ned kostnadane, omstille tenestene i høve fleire eldre og færre i grunnskule, omstille til meir tidleg innsats og få plass ein heilsakleg bustadutvikling. Kommunen skal også sjå på moglegheitene for å auke inntektene.



### 3.2. Utgreiingar av spesielle tema

Kunnskapsgrunnlaget er frå 2024 og er dermed oppdatert. Folkehelseoversikta kommunen skal legge til grunn for arbeidet med planstrategi vart utarbeida for åra 2020 – 2024, men ei kort gjennomgang syner at mange av dei skildra utviklingstrekka framleis er gjeldande. Arbeidet med oppdatert folkehelseoversikt er sett i gang.

Det er nokre tema vi ser vi treng meir kunnskap om, dette gjeld til dømes klima og bustad. I samband med utarbeiding av planen vil vi lage eigne kunnskapsgrunnlag for bustadbehov og status på klimagassutslepp og behov for klimatilpassing.

### 3.3. Ny samfunnsdel

Nasjonale forventningar påpeikar at samfunnsdelen i kommuneplanen skal gje strategisk retning for både utvikling av kommunen som samfunn og som organisasjon. Samfunnsdelen bør legge til rette for eit godt samspel mellom dei ulike samfunns- og tenesteområda i kommunen og med sivilsamfunnet og privat næringsliv. Dette kan bidra til innovasjon og at ressursane i kommunen kan nyttast effektivt.

I arbeid med gjeldande samfunnsdel vart det gjort eit omfattande og grundig arbeid med både kartlegging av Fjalersamfunnet den gong, og mange gode tiltak i ein handlingsdel. I dei seinare åra er det kome signal om at kommunane skal forenkle og effektivisere planlegginga. Planar skal vere realistiske og legge til rette for effektiv ressursbruk i det offentlege og for private. Samanlikna med gjeldande plan skal den nye planen vere meir overordna, og konkrete tiltak skal ikkje vere med i dokumentet. Dei overordna strategiane vi kjem fram til skal vere grunnlag for alt arbeid i kommunen, og konkrete tiltak for å følgje opp strategiane skal kome i avgrensa temaplanar og budsjett- og handlingsprogram.

### 3.4. Arealstrategi og vurdering av behov for konsekvensutgreiing

Eit viktig element i samfunnsdelen er den langsiktige arealstrategien der dei langsiktige måla og strategiane for arealbruk i kommunen blir definert. Arealstrategien bør gje tydelege føringar som legg grunnlag for komande arealplanar. Arealstrategien skal bygge på arealrekneskapet som Vestland fylkeskommune har utarbeidd for alle kommunane i fylket.

Kommuneplanen sin arealdel blei vedteken i 2024. Det vil seie at arealdelen ikkje vil bli revidert i den inneverande planperioden. Kommunedelplan for Dale vil derimot bli revidert parallelt med samfunnsdelen. Det vil bli naturleg å sjå føringane i arealstrategien i samanheng med arbeidet med kommunedelplanen.

I plan- og bygningslova § 4-2 står det at «for kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og



beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn». Arealstrategien i samfunnsdelen vil legge føringar for framtidig utbygging i kommunen. Desse skal likevel vere på eit såpass overordna nivå at det vil vere vanskeleg å vurdere dei konkrete verknadene av arealstrategien gjennom ei konsekvensutgreiing. Derfor blir det ikkje lagt opp til ei konsekvensutgreiing av samfunnsdelen.

## 4. Satsingsområde i planarbeidet

Ut frå kunnskapsgrunnlaget til kommunal planstrategi og dei utviklingstrekka og utfordingane som er vist der, ønsker kommunen å prioritere følgande satsingsområde i samfunnsdelen:

- Gode kvardagsliv
- Næringsutvikling og verdiskaping
- Klima, natur og miljø
- Fjaler kommune som arbeidsgjevar og tenesteytar

Desse satsingsområda blei vidare forankra gjennom arbeidsverkstader i kommunestyret og den utvida leiargruppa i oktober-november 2024. I arbeidsverkstadene blei politikarane og leiarane delt inn i grupper som då blei bedt om å kome med innspel på kva som fungerer bra og kva som kunne bli betre innanfor kvart satsingsområde. Innspela frå arbeidsverkstadene blir tatt med vidare inn i planprosessen.

### 4.1. Gode kvardagsliv

I kommunen sitt planarbeid handlar gode kvardagsliv om å skape eit miljø der innbyggjarane trivst og har høg livskvalitet. Å legge til rette for gode kvardagsliv kan realiserast til dømes gjennom å ha fokus på følgande tema:

- **Tilgjengelege og velfungerande tenester:** Sikre at alle innbyggjarar har tilgang til nødvendige daglege tenester som helse, utdanning, sosiale tenester, uavhengig av alder, kjønn, etnisitet eller funksjonsevne.
- **Fritidsaktivitetar innan idrett og kultur:** Tilby eit breitt spekter av fritidsaktivitetar som fremmar trivsel, fysisk aktivitet og sosialt samvær.
- **Stadutvikling:** Utvikle lokalsamfunn som er trygge, attraktive og tilrettelagt for ulike livsfasar, med nærliek til natur og rekreasjonsområde. Universell utforming og aldersvenleg samfunnsutvikling skal vere hovudpremissar i stadutviklinga.
- **Gode oppvekstvilkår:** Sikre at barn og unge har trygge omgjevnader som legg til rette for læring, leik og utvikling. Dette inkluderer tilgang til barnehagar, skular,



SFO, kulturskulen, leikeplassar, og fritidstilbod som fremmar fysisk aktivitet og sosialt samvær.

- **Bustadutvikling:** Sikre god tilgang til bustad for folk i alle aldrar. Det skal vere mogleg å både leige og eige, og det skal leggast til rette for bygging av ulike bustadtypar.

## 4.2. Næringsutvikling og verdiskaping

Næringslivet i Fjaler er som tidlegare nemnt variert og det finst arbeidsplassar i mange ulike sektorar. Det er likevel viktig å fortsette arbeidet med å styrke næringsutviklinga. I ei tid der mange distriktskommunar slit med fråflytting er eit attraktivt næringsliv essensielt for å sikre ei positiv folketalsutvikling.

- **Eksisterande og nye næringsaktivitetar:** Støtte vidareutvikling i eksisterande bedrifter og legge til rette for nye næringsaktivitetar.
- **Samarbeid og samhandling:** Betre samarbeid mellom næringslivsaktørar og mellom næringsliv og kommune, samt mellom næringsliv og frivillige organisasjonar er nødvendig for at ein skal kunne lykkast med næringsutvikling.
- **Lokalt engasjement og identitet:** Næringsutvikling bidreg til å styrke den lokale identiteten og engasjement blant innbyggjarane. Dei fortrinna og ressursane vi har i Fjaler skal utviklast vidare.
- **Heilskapleg verdiskaping:** Heilskapleg verdiskaping handlar om å skape verdiar som er økonomiske, sosiale, kulturelle og miljømessige. Det betyr å sjå korleis desse formene for verdiskaping kan støtte kvarandre. T.d. kulturell verdiskaping styrkar lokalsamfunnet sin identitet, tiltrekker turistar, og fremmar sosialt samhald.

## 4.3. Klima, natur og miljø

Verda står ovanfor enorme utfordingar når klimaet blir varmare, våtare og villare. I åra framover må det takast drastiske grep for at samfunnet skal kunne møte dei dramatiske endringane som er venta.

- **Tilpassingsdyktige lokalsamfunn:** Lokalsamfunnet skal i større grad vere forberedt på ulike hendingar knytt til ekstremvêr. Det skal utviklast strategiar som gjer at samfunnet er i stand til å møte konsekvensane av klimaendringar på ein robust måte.
- **Berekraftig arealforvaltning:** Kommunen sine areal skal brukast og forvaltast på ein måte som tar omsyn til både miljømessige, sosiale og økonomiske behov. I framtidige utbyggingsprosjekt skal miljøpåverknaden og ivaretaking av naturmangfold vektleggast.
- **Reduksjon av klimagassutslepp:** Noreg er forplikta til et ambisiøst mål om å kutte klimagassutsleppa med 55 prosent fram til 2030. Mykje av klimaarbeidet



skjer lokalt i kommunane og ein er nøydd til å jobbe på alle nivå for å oppnå det ambisiøse målet.

- **Heilskapleg arbeid for klima, natur og miljø:** Klima, natur og miljø skal i større grad integrerast i alle delar av samfunnsplanlegginga. Dette inkluderer å ta ansvar for å redusere klimagassutslepp, bevare naturmangfald og sikre berekraftig bruk av naturressursar.

#### 4.4. Fjaler kommune som arbeidsgjevar og tenesteytar

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal omtale kommunen som organisasjon. Derfor er Fjaler kommune som arbeidsgjevar og tenesteytar valt som eit av satsingsområda. For å sikre at Fjaler kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar og ein god tenesteytar skal det bli lagt vekt på blant anna følgande tema:

- **Attraktiv arbeidsplass:** Det er svært viktig at kommunen er ein attraktiv arbeidsgjevar for å kunne rekruttere dyktige medarbeidarar og behalde dei over tid. Dette sikrar kontinuitet og trivsel på arbeidsplassen.
- **Kompetanseutvikling:** Dei tilsette i kommunen skal ha riktig kompetanse som er tilpassa kvar stilling. Kompetanseheving over tid bidreg til høgare motivasjon blant dei tilsette og aukar kvaliteten på tenestene som kommunen tilbyr.
- **Kvalitetsrike tenester:** Kommunen skal jobbe systematisk for å auke kvaliteten på tenestene som den leverer. Høg kvalitet på tenestene bidreg til at innbyggjarane sin tillit til kommunen blir styrka.
- **Innovasjon og digitalisering:** Innføring av ny teknologi vil effektivisere og forenkla arbeidsprosessar. Tenestene blir dermed meir tilgjengelege for innbyggjarane. Samstundes må det sør gast for at ingen ekskluderast på grunn av digitaliseringa.



## 5. Planprosessen

### 5.1. Medverknad

Dei formelle krava til planprosess, inkludert medverknad, er definert i plan- og bygningslova §§ 5 og 11. Kommunen skal legge til rette for medverknad. Innbyggjarar, lag og organisasjonar, offentlege organ og andre interesserte har høve til å kome med innspel og merknader to gonger i planprosessen. Det gjeld når planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn, og når sjølve planen er utarbeidd og lagt ut til offentleg ettersyn.

I dette planarbeidet vil hovudtyngda av medverknadsaktivitetar finne stad i samband med høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet. Brei medverknad i denne fasen vil forhåpentlegvis bidra til at det kjem inn mange innspel som kan nyttast seinare når sjølve planforslaget blir utarbeidd. I tillegg leggast det opp til medverknad når planforslaget blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Følgande medverknadsmetoder kan bli brukt i planarbeidet (lista er nødvendigvis ikkje uttømmande):

- Folkemøte i Guddal, Våge, Flekke og Dale
- Digital spørjeundersøking
- Open kontordag på Fjalerhuset og andre stader i kommunen ved behov
- Tverrfaglege arbeidsmøte med kommunale instansar, relevante grupper
- Arbeidsmøte med dei kommunale råda
- Planverkstad på skulane
- Regionalt planforum med Vestland fylkeskommune
- Barnetråkk på Flekke skule, Dingemoen skule og Våge skule



## 5.2. Framdriftsplan

Framdriftsplanen som kan sjåast i tabellen under viser dei viktigaste fasane i planarbeidet.

År	2024				2025												2026				
Månad	9	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	1	2	3	4	5
<b>Planprogram:</b>																					
Vedtak av kommunal planstrategi	■																				
Utarbeiding av planprogram	■	■	■																		
Politisk handsaming av forslag til planprogram (kommunestyret)				■																	
Medverknad					■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■					
Høyring og ettersyn av planprogram					■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■					
Fastsetting av planprogram (kommunestyret)						■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■					
<b>Planforslag:</b>																					
Utarbeiding av planforslag, forløpende arbeidsmøte					■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■					
Politisk handsaming av planforslag (kommunestyret)						■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■			
Høyring og ettersyn av planforslag																		■	■		
Medverknad																		■	■		
Revisjon av planforslag																		■	■	■	
<b>Vedtak av kommuneplan:</b>																					
Slutthandsaming og vedtak i kommunestyret					■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	



## 5.3. Politisk og administrativ organisering

### Administrativ organisering

Planarbeidet blir organisert internt i kommuneadministrasjonen. Arbeidsgruppa blei oppretta i august 2024 og består av kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling Ingeborg Tysnes, folkehelsekoordinator Kristin Rivedal Yndestad og arealplanleggar Niklas Aarnio.

Det er etablert eit administrativt planforum. Dette vil hjelpe oss til å forankre planen på tvers av einingane.

Undervegs i planprosessen vil andre aktuelle tenesteområde bli involvert i planarbeidet. Arbeid med andre relevante kommunale planar, deriblant kommunedelplan for Dale og trafikktryggingsplanen vil bli samkøyrd til så stor grad som mogleg saman med samfunnsdelen.

### Politisk involvering og deltaking

Kommunestyret er det politiske organet som har ansvaret for å vedta ein kommuneplan. Derfor vil det vere naturleg å involvere kommunestyret i utarbeidinga av planen for å sikre eit godt eigarskap til planen. Involveringa vil bli realisert gjennom oppdateringar i kommunestyret undervegs i planprosessen og medverknadsaktiviteter som til dømes planverkstad. For å sikre brei politisk forankring blir forslaget til planprogrammet og forslaget til sjølve planen handsama av kommunestyret.

Vi vil også involvere formannskapet som er kommunen sitt planutval.



FJALER KOMMUNE

*-eit ope samfunn*

Fjaler kommune

Dalstunet 20

6963 Dale i Sunnfjord

Heimeside: <https://www.fjaler.kommune.no/>

